



Lindås kommune

Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Adm.enhet: Forvalningsseksjonen i region Vest
Sakshandsamar: Ina Gil Solheim
Telefon: 91888890
Vår referanse: 18/4165
Dykkar referanse: 17/3013
Dato: 13.09.2018

Lindås kommune Hordaland - Arbeid med kommuneplanen sin arealdel 2019-2031 - Uttale

Vi viser til brev frå Lindås kommune, datert 19.06.2018, der de ber om arealinnspeil til kommuneplanen.

Fiskeridirektoratet region Vest fekk ikkje høve til å komme med innspeil til planprogram for kommuneplanens arealdel som var opp i vår. Vi vil difor komme med litt meir overordna innspeil enn dei konkrete de ber om i denne runden.

Vår rolle

Fiskeridirektoratet region Vest deltek i arealplanlegginga av sjøområda i kommunen gjennom å sjå til at nasjonale målsettingar innanfor fiskeripolitikken vert lagt til grunn ved utarbeiding av kommunale planar. Mellom anna ønsker vi at det vert sett av tilstrekkeleg areal til hausting av naturressursar i sjø, til matproduksjon i sjø, og til landbasert akvakulturverksemd, innanfor berekraftige rammer. I tillegg er det viktig at marint biologisk mangfald i kommunen vert ivaretake. Våre regionkontor skal bidra til at kommunar som deler same fjord- og straumsystem samarbeider ved produksjon av planar som omfattar kysten og dei nære sjøområda.

Vi er opptekne av at kommunen ser samanheng mellom bruk av land og sjø i kommuneplanen, noko som vil vere med på å redusere konfliktar i sjø og sjønære områder og gje ei meir føreseieleg utvikling.

Kommentarar til vedteke planprogram

Planprogrammet for kommuneplanens arealdel vart vedteke 22. mars 2018. Det er positivt at de i kapittel 4 om hovudtema *Næringsutvikling* skal kartlegge areal for å sikre havbruk i sjø

og på land. Som vi skreiv i vår uttale til offentleg ettersyn av kommuneplanens samfunnsdel (14.07.2017) er havbruk ei dynamisk næring, og behov for arealbruk vil endre seg over tid, mellom anna ved overgang frå kompakte stålanlegg til plastringsanlegg som er meir arealkrevjande.

Når det gjeld eit anna hovudtema i planprogrammet, *Byggeområde for naust og småbåthamner*, er det positivt at flytebrygger og kaier som skal etablerast i sjø til naustområda skal etablerast i samla felles anlegg for området. Då vil ein unngå dispensasjonssøknader i større grad og ein kan sette opp føresegner for bruk av anlegget som reduserer negativ påverknad på sjøbotnen.

Innspel til arealdelen av kommuneplanen

Under kjem ei oversikt over dei arealføremåla vi meiner må inn i arealdelen av kommuneplanen dykker for å ivareta våre interesser i planarbeidet. Opplysningar om registrerte fiskeriinteresser, akvakultur og marint biologisk mangfald finn de på <https://www.fiskeridir.no/Kart>. Her kan de laste ned våre registrerte data i fleire format.

Fiskeriinteresser i Lindås

Alt fiske i sjøen vert regulert av Havressurslova, med unntak av fiske etter villaks som vert regulert under Lakselova. I planlegging etter Plan- og bygningslova er det § 11-7 nr. 6 «Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone» som vert brukt for å fastsetje arealbruk for sjøområda. «Fiske» er definert blant underføremåla i § 11-7 nr. 6 og kan enten brukast som føremål aleine, eller i kombinasjon med ein eller fleire av dei andre arealbruksføremåla som er definert under § 11-7 nr. 6.

I Lindås kommune er det 9 personar som står på blad B (fiske som hovudyrke) og 3 personar som står på blad A (fiske som attåtyrke) (per 12.09.2018). Det er 4 fiskefartøy som er registrert i kommunen. Det er altså ikkje så mange aktive yrkesfiskarar i kommunen i dag, men for å få vite meir om fiskeriene er det nødvendig å ta ein revisjon av kystnære fiskeridata, då det meste vi sit på av informasjon sist vart oppdatert i 2000/2002. Det er til dømes registrert mange låssettingsplassar i kommunen. Bruken og behovet for desse må kartleggast og vurderast. Bruken av låssettingsplassar går i bølgedalar alt etter når og kor fisk som vert låssett er tilgjengeleg. Dette er ikkje likt frå år til år. Viktige låssettingsplassar må ikkje takast i bruk til andre føremål som hindrar bruken av låssettingsplassane.

Føresegner til kommuneplanen må vere tydlege på at i område sett av til arealføremål fiske, har utøving av tradisjonelt fiske fortrinnsrett framfor anna aktivitet. Det er òg viktig at det kjem fram i føresegnehelse at Fiskeridirektoratet region Vest skal ha søknad om tiltak i sjø og strandsone på høyring. Her er eit døme på korleis ei slik føresegn kan sjå ut:

I område sett av til Fiske er det ikkje tillate med tiltak som hindrar utøving av fiske. Ved søknad om regulering av sjøområde og tiltak i sjø og strandsone skal Fiskeridirektoratet region Vest høyrast.

Viktige fiskeområde vil bli kartlagt under revisjon av kystnære fiskeridata, og må setjast av som fleirbruksområde i sjø der Fiske er inkludert.

Ved sidan av næringsmessig fiske, føregår det også fritidsfiske og turistfiske i kommunen. Fiskeridirektoratet vil invitere fiskarar og fiskarlag til eit møte der vi kartlegg fiskeriinteressene i Lindås. Desse oppdaterte dataene vil vi vidareformidle til kommunen. Sjå også forslag om medverknadsmøte nedanfor.

Akvakultur

Akvakulturverksemnd vert regulert under Akvakulturlova og eit av vilkåra som må vere oppfylte ved tildeling av løyve til akvakultur, er at tiltaket ikkje er i strid med vedteke arealplanar eller vernetiltak. I Plan- og bygningslova er akvakulturdefinert blant føremåla under § 11-7 nr. 6 «Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone».

Akvakultur kan enten brukast som føremål aleine, eller i kombinasjon med ein eller fleire av dei andre føremåla som er definert under § 11-7 nr. 6. § 11-11 nr. 3 gjev heimel for å lage føresegner til korleis akvakultur kan etablerast på overflata, i vassøyla og på botnen, og vidare har kommunen høve til å lage føresegner om kva artsgrupper eller artar av akvakultur som enkeltvis eller i kombinasjon kan etablerast jf. §11-11 nr. 7.

Det er 11 godkjente akvakulturlokalitetar i kommunen per 27.08.2018. I planprogrammet står det:

Gjennom samfunnsdelen ønsker kommunen å vere blant dei fremste på Vestlandet innanfor havbruk. Det er behov for å fram kunnskap som gir grunnlag for å vurdere havområda si egnahet for forskjellig bruk. Arealdelen må sikre arealer til havbruk på land og i sjø, og plankartet skal blant anna vise kor det er aktuelt med akvakulturanlegg.

Her er det viktig å ta føre seg dei areala som allereie er sett av til akvakultur og vurdere om det er behov for å sette av større areal for å imøtekomme krava havbruksnæringa har til vekst og utvikling. Det er også viktig å sjå på arealet til landbasert akvakulturverksemnd. Næringa må involverast tidleg i planarbeidet slik at ein i størst mogleg grad unngår dispensasjonssøknader når det er behov for å gjøre endringar av anlegga eller plassering av desse. Plankartet skal vise kor det eventuelt er aktuelt med akvakulturanlegg. Det er viktig at lokalt og regionalt fiskarlag vert involvert i denne prosessen for å unngå brukskonflikter.

Akvakulturanlegg tek opp plass både i overflata, i vassøyla og på botnen. Lengda på fortøyningssystem vil avhenge av djupnetilhøve og topografi på botnen. Det er flere eksempel på fortøyningssystem som strekk seg fleire kilometer frå anlegget i overflata, men som ein generell regel kan ein rekne at lengda på fortøyningssistema minimum vert 2,5 gonger djupna under anlegget. Konfliktpotensial med anna arealbruk vil variere frå overflata gjennom vassøyla og ned til forankring på botnen. For fiskarane er det sjeldan anlegget i overflata som skapar problem, men fortøyningssistema og ankerfesta på botnen. Fortøyningar

og ankerfeste kan hefte for fiskereiskapar, særleg botnreiskap, og slike installasjonar kan såleis representere konfliktpotensiale med utøving av fiske.

Vi oppfordrar kommunen til å arrangere eit eige medverknadsmøte for sjø, der representantar frå både fiskeri- og havbruksnæringa deltek. Fiskeridirektoratet stiller gjerne på eit slikt møte om det er ønskeleg.

Akvakulturområda må setjast av som arealføremål Akvakultur og det bør lagast føresegner knytt til områda der det kjem tydeleg fram om fortøyningane er inkludert i akvakulturområde eller om dei kan gå utanom og inn i område sett av til fleirbruksområde i sjø. Om kommunen ønsker å tillate at fortøyningane kan gå utanom akvakulturområde, må føreseggnene vere klare på at fortøyningane ikkje kan gå inn i område sett av til Fiske.

Marint biologisk mangfald

Gjennom nasjonalt program for kartlegging av marint biologisk mangfald, har Havforskningsinstituttet og NIVA gjennomført kartlegging av marine naturtypar i Hordaland og Lindås i 2011.

Det er fleire viktige gytefelt og gyteområder i Lindås. Fiskeridirektoratet skal sjå til at regionale og nasjonale viktige ressursområder vert teke vare på. Gytefelt for torsk som er verdsatt til nasjonalt og regionalt viktige i Lindås kommune er:

- Lurefjorden
- Rissaosen – Aust av Njøten
- Straumsosen
- Vågane – Dalafjorden
- Øst av Fyllingsnes

Meir informasjon om desse og dei andre gytefelt og gyteområda finn de i kartverktøyet omtalt ovanfor. *Gytefelt* vert brukt om torsk, og *gyteområde* omfattar både torsk og andre fiskeartar.

Det er registrert éi ålegraseng i indre del av Vestrevågen, like vest for Osvegen ved Kvalvåg. Lokaliteten er vurdert til C - lokal verdi. Det er viktig at gyte- og oppvekstområder i sjø vert tatt vare på for framtidig bestandsvekst og matauk, og det at det berre er registrert éi ålegraseng i Lindås kommune, gjer den desto viktigare å ta vare på. Det vil vere nyttig for kommunen å synleggjere desse områda i arealplanen, slik at ein unngår tiltak som kan gjere skade på desse gyte- og oppvekstområda. Vi rår til at desse områda vert teke inn i arealdelen med omsynssone naturmiljø med retningslinjer knytt til områda.

Av anna marint biologisk mangfald i kommunen er det registrert 5 områder med sterke tidevassstraumar, 1 større kamskjelfrekommst, 2 større tareskogfrekommstar, 32 blautbotnsområder og eit korallrev. For meir informasjon bruk vårt kartverktøy Yggdrasil og Miljødirektoratet sin Naturbase.

Vi ser fram til å samarbeide med Lindås kommune om utarbeiding av arealdelen av kommuneplanen. For spørsmål knytt til vår uttale kan de ta kontakt med sakshandsamar.

Med helsing

Leni Marie Lisæter
seksjonssjef

Ina Gil Solheim
inspektør

Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan handskriven underskrift

Mottakarliste:

Lindås kommune Kvernhusmyrane 20 5914 ISDALSTØ

Kopi til:

Fiskarlaget Vest

Click here to enter
text.

Click
here
to
enter
text.

Click here to enter
text.